



Forteljing med utgangspunkt i «Kongen i havet»

Kreativ skriving, forteljande skrivemåte

Bruk oppbygging av sjangeren *forteljing* som mal når du skal forme om teikneserien «Kongen i havet» til skriftleg tekst: Innleiing, konflikt, spenning med spenningstopp(ar), vendepunkt og slutten med ei løysing. Du kan gjerne bruke dialog i forteljinga di.

Bruk verkemiddel som: oppatt-taking, humor, ironi, kontrast, samanlikning, metaforar, personifikasjon, besjeling.

Ordbank

SUBSTANTIV: robåt, torsk, fiskesnøre, sluk, fiskestong, blåmyra, sjø, storfiskar, bobler, djupet, kaffitermos, karsk, bling, smerte, monster, sjøuhyre

ADJEKTIV OG ADVERB: blikstilt, himmelblå, sitrongul, gamal, svolten, kjedeleg, triveleg, skrekkeleg, langsamt, hurtig, vakkert, fælt, sjeldan, nokså, ganske, veldig, ikkje

VERB: fiske, stramme, spenne, slitne av, rulle, irritere, skremme, hyle

UTTRYKK: Segle sin eigen sjø

Forslag til skrivestartarar

Havet ligg blankt og blikstilt ...

Det var ein gong ...

Kongen i havet ...


Det er håp i hengande snøre, og dagen er ...

Fisketuren er fin, og fangsten ...

Skriv tekst til kvar rute

Studer kvar rute og kvar teikning nøye, og sjå på bruken av verkemiddel. Skriv tekst til kvar rute og bruk oppbygginga av ei *forteljing* som mal. Det kan hende at du vil slå saman fleire ruter og lage berre ei setning eller to til fleire bilete samla, eller det kan hende at du vil skrive eit heilt avsnitt til berre eitt av bileta. Dette må du vurdere sjølv.



Når du går frå bilete til skrift, opnar og avgrensar du teksten på ulike måtar. Om du ikkje skildrar korleis hovudpersonen ser ut, vert til dømes den delen av teksten meir open for tolking for lesaren enn han var i teikneserien. Og når du skriv kva som hender og korleis ting ser ut, er du med på å avgrense og styre korleis lesaren tolkar ting som kan hende var meir opne i teikneserien. Kva du opnar og avgrensar for lesaren, har mykje å seie for korleis leseopplevinga vert. Kva detaljar bør med for å setje lesaren i den rette stemninga? Kva må med for at lesaren skal skjønne kva som går føre seg? Kva bør vere oppe for tolking for lesaren?




Skriv inn tekst til rutene. Bruk gjerne ein av skrivestartarane, eller finn på ei opningssetning sjølv.



Skriv inn tekst til rutene.





Skriv inn tekst til rutene.



Skriv inn tekst til rutene.

Avslutning

Skriv noko om kva du trur

- at skjer her
- at fiskaren tenkjer
- at Kongen i havet tenkjer

Kva skjer vidare?

Å gjere teksten ferdig

Når du er ferdig med å lage tekst til alle rutene, kopierer du teksten over til eit eige dokument slik at det blir til ein samanhengande tekst. Når du les gjennom det du har skrive, kan det hende at du finn ut at du vil endre litt på teksten din, for eksempel for å få han til å henge betre saman.

Til det brukar du samanbindande ord som *faktisk, nemleg, rett nok, og, men, liksom, derfor, fordi, sidan, dessutan, som, dermed, til slutt, endå, trass i at* og mange, mange fleire.

Lag gjerne ei ny overskrift til forteljinga di sjølv, slik:

----- (overskrift)

av ----- (namnet ditt)

(Fritt etter «Kongen i havet» av Katarina Aasgaard Strømsvåg.
Frå *Bobler frå djupet*. Nynorsksenteret. 2018.)